

# *Paul Harris Fellowship*

*vart i år 1998 tildelt*

*Leif Sønderland*



I rotaryåret 1997-1998 var Arne Hofset president. Ved den årlege festen den 7. februar 1998 som var på kantina til Brattvåg Skipsverft A/S, presenterte han kandidaten i pene ordelag.

Guvenøren i vårt distrikt 2280,

Johan Daae-Qvale utførte den ærefulle jobben med å gi Paul Harris-medaljen med diplom til Leif Sønderland.

Leif Sønderland er fødd 23.01.1933 i Brattvåg. Gift i 1955 med Irene Engeset, fødd 21.12.1933, på Grytestranda. Dei har 4 gutar og 2 jenter.

Han viste tidleg sportslege og sosiale interesser. Han viste å setje pris på naturen og var ofte å finne både i fjell og fjøre. Det er sikkert ikkje mange fjelltoppar her i distriktet, han har ikkje har teke turen til.

Og mange lag og organisasjonar har han hatt ein finger med i. Etter endt skulegang gjekk han i elektrikkerlære ved Brattvåg Elektro a/s der han tok fagbrev.

Dersom noko skulle skje i bygda, var Leif alltid klar til å ta eit tak.

Vi nemner i fleng:

Bustadblokker på Vesterheim

Ungdomsbustader

Hautunet for dei eldre

Haugen Terrasse

Utbygging av Leitet

Kjøpesenter i Storgata

Kulturhus

Brattvåg Kino

Gammaldansens Venner

Våghall

Brattvåg Næringssamskipnad

Industrigruppa

Sunnmøre Næringsråd m.m.m.